



# Stad kommune

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

## Informasjon før hjortejakta 2026

Hjortejakta nærmar seg og som tidlegare år sender vi hermed informasjon om jakta til leiarar i valda.

Som leiar av eit vald er du ansvarleg for at informasjonen i dette brevet vert delt med jegerane som jaktar i ditt område. Vedlagt er eit årshjul over valdleiar sine arbeidsoppgåver gjennom året.

### Oppsummering av viktig informasjon:

- Alle vald må ha på plass ettersøksavtale før jakta startar. Ved private avtalar (dvs ikkje med ettersøksringen) skal avtalen sendast til kommunen.
- Fellingsrapport skal leverast av valdleiar **innan tysdag 6. januar 2027**. Fellingsrapport leverast på skjema eller digitalt gjennom hjorteviltregisteret. Det skal informerast om kjønn og alderskategori på alle felte dyr, **inkludert kalv skote på kvotefri jakt**. Det forventast at jeger undersøker kjeven på felte dyr for å rapportere inn rett alderskategori.
- Alle godkjente vald kan nytte seg av kvotefri jakt på kalv.
- Etter ny viltressurslov er det ikkje lov å nytte termisk eller restlysförsterkande siktemiddel. Kommunestyre vurderer eventuell ny lokal forskrift 10.09.2026.
- Kjevelappar er tilgjengeleg for henting på rådhuset på Eid.
- Merka dyr kan fellast. Sjå egne rutinar ved felling av merka hjort eller tilhøyrande kalv.
- Hjort med hudvorter skal rapporterast med bilde til kommunen med informasjon om stad, fellingsdato, aldersgruppe, kjønn og kondisjon.
- **Haustteljing:** Haustteljing gjennomførast av valda 21. og 28. august. Skjema er vedlagt og du finn meir informasjon under.
- Fellingsavgifta i Stad er (med forbehold om at forskrifta blir vedteke slik den er lagt fram):
  - Vaksen: kr 416
  - Kalv: kr 78

---

### Jakttida

Jakttida for hjort er 1. september til og med 23. desember.

### Ettersøkshund / Ettersøksavtale

Alle jaktlag og personar som jaktar åleine, skal ha tilgang på godkjent ettersøkshund. Ei avtale må vere på plass innan jaktstart. Storvald kan teikne ei kollektivavtale for heile valdet (alle jaktfelte).

Jaktfelt og vald som vil nytte seg av private hundar har høve til det. Dokumentasjon på tilgang til godkjent ettersøkshund må sendast til kommunen innan jakta startar. Liste over godkjente hundar og eigarar er tilgjengeleg på [Norsk Kennel Klub sine nettsidar](#). Vald i gamle Eid kommune som har avtale med Stad ettersøksring treng ikkje å melde i frå om avtale.

Informasjon frå ettersøksringen om kva ein skal gjere om dyret ikkje dett etter skot er vedlagt.

### Haustteljing

Det har vore tradisjon i Eid kommune å gjennomføre haustteljing før jakta. Dette gjev eit inntrykk av bestanden i forkant av jakta, samt på sikt kan nyttast til å få eit innblikk i utviklingstrender.

Teljedato er fastsett til dei siste to helgane før jaktstart (21. og 28. august - natt til laurdag).

Teljingane gjennomførast på same måte som vårteljing og resultatet kan sendast til kommunen.

Det bør teljast over store områder, slik at samarbeid på tvers av jaktfelt/vald kan vere nødvendig. Teljinga er lettaste å gjennomføre når to stk. samarbeider i bilen, ein lyser med tusenmeters lykt og tel dyra (ved hjelp av kikkert), den andre noterer på skjema. Det er dyr som står på INNMARK som skal teljast. Om andre hjelpemidlar vert nytta skal det noterast ned.

## Fellingsavgift og vedtak om oppdatert forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal og fellingsavgift for hjort, Stad kommune

Med ny viltressurslov vart det bestemt at fellingsavgifta i kommunane skulle vere forskriftsfesta. Satsen har tidlegare vore satt i retningslinjene for viltfondet i kommunen. Fellingsavgifta har blitt lagt inn i same forskrift som opning av jakt og fastsetting av minsteareal. Forskrifta har vore på høyring i sommar. Det kom ikkje inn høyringsinnspel og forskrifta skal vedtakast på kommunestyret 10. september. Det er ikkje rekna at det blir endringar frå framlegget, men fram til forskrifta er vedteke er det ein viss usikkerheit rundt fellingsatsane.

I Stad kommune vert satsane for vaksen hjort (1,5 år og eldre) sett til 80 % av Statens maks sats og for kalv er den sett til 25 %. Makssats for fellingsavgift er i 2026 kr 520,- for vaksen hjort og kr 310 for kalv. Om satsane blir vedteke som lagt fram blir fellingsavgifta for 2026:

- Vaksen: kr 416
- Kalv: kr 78

Avgifta vert innkravd med faktura frå kommunen, normalt rundt påsketider.

## Bruk av termisk eller restlysfosterkande siktemiddel - vedtak om ny forskrift

Endringar i forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst (jaktutøvningsforskrifta) vart fastsett 26.06.2026. Forskrifta seier i § 29a, 4. ledd *at for å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysfosterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysfosterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng.*

Stad kommune har lagt fram eit forslag til lokal forskrift som opnar for slik bruk. Denne er no ute på [høyring](#) med høyringsfrist 19. august 2026. Saka skal opp på neste Kommunestyremøte 10. september 2026. **Viss ny** forskrift blir vedteke, vert det lovleg å bruke restlystfosterkande eller termisk kikkertsikte i ope terreng frå vedtaksdato. Det betyr at det **ikkje er lovleg med dette frå jaktstart**. Handheld termisk kikkert er lovleg uavhengig av om ny forskrift blir vedteke eller ikkje.

## Sett og felt hjort

Stad kommune oppmodar om å registrere sett og felt hjort på appen sett og skutt eller gjennom [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no). Dette er enkelt å bruke og alt ein treng for å logge inn er jegernummer og fødselsdato. **Hugs å føre inn alle jaktdagar, inkludert dei dagane det ikkje vart sett hjort.**

**Om alle felte dyr vert registrert i Hjorteviltregisteret gjer det valdleiar sin jobb enklare og valdet kan levere digital fellingsrapport til kommunen i etterkant av jakta.**

## Fellingsløyve og fellingsrapport

Fristen for å levere fellingsrapport er **tysdag 6. januar 2027**. Det er valdansvarleg/valdleiar som skal rapportere for heile valdet – ikkje leiar av jaktfelt. Fellingsrapport skal leverast digitalt eller i tabellen nedst på fellingsløyve. Vald utan felte dyr skal informere om dette skriftleg.

På grunn av rapportering vidare til Statistisk sentralbyrå er det særskilt viktig at fristen vert overhalden.

## Digital fellingsrapport i Hjorteviltregisteret

Valdansvarleg kan levere fellingsrapporten digitalt gjennom Hjorteviltregisteret viss alle felte dyr er registrert inn. **Valdansvarleg må kontrollere at alle felte dyr er registrert** før fellingsrapport kan

leverast. Alle jaktdagar og felte dyr må godkjennast av valdansvarleg i Hjorteviltregisteret før den elektroniske fellingsrapporten kan leverast (sjå vedlagt rettleiar).

Når digital fellingsrapport er levert får valdleiar tilsendt kvittering på e-post. **Fekk du ikkje e-post? Sjekk med kommunen om fellingsrapporten er levert.**

## Merka hjort kan fellast – eigne rutinar felt merka hjort eller tilhøyrande kalv

Alle GPS halsbanda i merkeprosjektet «Vesthjort» skal no ha falt av, men desse dyra er framleis merka med øyremerke. Om de feller merka hjort eller tilhøyrande kalv skal skjemaet «[felt merka hjort](#)» fyllast ut. Dyret må i tillegg bli nøyaktig vege, kjeve takast ut og reinskjerast, og eit øyre skal leggst i ein plastpose og frysast. NIBIO ønskjer og posisjon for felling på kart.

## Kvotefri jakt på kalv

Alle godkjente vald i Stad kommune kan nytte seg av kvotefri jakt på kalv. Kvotefri jakt på kalv kjem i tillegg til tildelte løyve. I praksis kan kvar enkelt grunneigar/jaktrettshavar felle eit fritt tall kalvar på sin eigendom, men kan og gi løyve til andre. Det er anbefalt at grunneigarar rettar seg etter valdet sine føringar om dispensasjonen. Meir informasjon, samt spørsmål og svar, ligg på [hjortevilt.no](http://hjortevilt.no).

Jaktleiar, eventuelt jeger/jaktrettshavar, er ansvarleg for at alle felte kalvar, inkludert dei som er felt som fri kalv, rapporterast inn. Valdleiar er ansvarleg for å sende inn fellingsrapporten som inkluderer all felt hjort. Det skal betalast fellingsavgift for alle felte dyr, inkludert eventuelle ekstra kalvar.

**Kvifor skyte kalv?** Kalven har naturleg høgare dødelegheit, spesielt gjennom ein hard vinter. Hjorteviltbestandane er frå naturens side tilpassa eit høgt uttak av kalv. Ved høg bestandstettleik er det ofte ungdyra (kalven frå hausten før) som taper i beitekonkurransen på sommaren. Eit høgt uttak av kalv vil gje betre levevilkår til overlevande ungdyr sommaren etter.

## Leiarskifte i jaktfelt og vald

Dersom jaktfelt eller jaktvald vel ny leiar, skal kommunen få melding om dette. Kommunen skal alltid ha oppdatert informasjon om valdansvarleg (namn, postadresse, e-postadresse og telefonnummer).

## Reglar for sal av hjortekjøtt

Viltkjøtt er ein fantastisk matressurs, men all omsetning av kjøtt frå jakt på hjortevilt er underlagt strenge hygienereglar. Alle som omset kjøtt må etterleve ei rekke krav. Mellom anna at berre friske dyr skal bli til mat og at kjøttet er handtert slik at risiko for bakteriar er minimal.

Jegerar kan omsette heile eller grovparterte dyr (maksimalt delt i 8 delar) til privatpersonar som ikkje kan selje kjøttet vidare, føresett at dette skjer på ein trygg og hygienisk måte. Jeger er alltid ansvarleg for det kjøttet han sel eller gjev vekk (Matlova § 16). Jegerane kan også levere kjøtt til godkjente vilthandteringsanlegg saman med indre organ og hovud. Mattilsynet kontrollerer.

Om ein jeger ynskjer å selje parterte dyr (slakt delt opp i meir enn 8 delar), vert aktiviteten definert som **matproduksjon** og hygieneregelverket vert gjeldande. Jeger må registrerast som næringsmiddelverksemd og det vert stilt hygienekrav til lokale og utstyr, sporbarheit, HAACP, og merking. I tillegg er det krav om å registrere verksemda hjå Mattilsynet.

Meir informasjon du her: [Krav når viltkjøtt skal seljast eller gis bort | Mattilsynet](#)

## Hjortevorter

Hudvorter har vore registrert på hjort i vår kommune. Hudvorter skuldast infeksjon i huden med vortevirus (papillomavirus). Vortene smittar frå hjort til hjort, men dei kan ikkje smittast over på andre artar enn hjorten, det vil sei at **den ikkje smittar til menneske eller andre dyreslag**.

Vortene førekjem enten enkeltvis, i grupper, eller meir sjeldan spreidd utover heile kroppen (generalisert form). Hudvorter er normalt godarta, men ved generalisert form med store mengder vorter på kroppen, kan dyret lide og det kan utvikle seg infeksjonar eller andre sekundære sjukdommar. Slike dyr bør ein vurdere å avlive grunna dyrevelferd.



Dyr med hudvorter som vert felt under jakt, kan godkjennast som mat dersom dyret er i normalt hald, og ikkje har andre teikn på sjukdom. Dyr som har den generaliserte forma, og i tillegg er avmagra, bør avlivast av dyrevernomsyn og kasserast som menneskemat.

Veterinærinstituttet v/ViltHOP overvakar utbreiinga av vorter hjå hjort sidan dette er ein førehaldsvis ny sjukdom her i landet. Hjort med hudvorter skal rapporterast til kommunen med bilde, informasjon om stad, fellingsdato, aldersgruppe, kjønn og kondisjon.

Meir informasjon: <https://www.vetinst.no/sykdom-og-agens/fibropapillomatose>

## Skrantesjuke

Skrantesjuke (CWD) blei påvist for første gang i Europa i april 2016 hjå ein villrein i Lærdal. Skrantesjuka rammer berre hjortedyr og det skal ikkje vere fare for smitte til menneske.

Symptom på at ein hjort er smitta med skrantesjuke:

- Unormal oppførsel
- Hyppig urinering
- Avmagring
- Ukoordinert rørsle
- Sikling
- Senka hovud

Alle som feller eller observerer hjort som dei mistenker kan vere smitta av skrantesjuke, skal melde frå til mattilsynet (tlf. 22 40 00 00) og gjerne informere kommunen (SMS til tlf. 48 18 91 12).

Meir info om skrantesjuke finst på heimesida til Hjortevilt: <http://www.hjortevilt.no/skrantesjuke/>

## Rådyr

Dersom de ser rådyr under jakta, vil vi på landbrukskontoret gjerne ha melding om dette.

## Skitt jakt, med høg fellingsprosent og balansert uttak!

Helsing  
Lindis Bergland Østgård  
utmarksforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*